Inderøy kommune
7670 Inderøy

Møteinnkalling

Utvalg:	Formannskapet
Møtested:	Inderøy samfunnshus, møterom: Kantina
Dato:	27.01.2010
Tidspunkt:	08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 74124210. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Ole Tronstad
ordfører

Solbjørg Kirknes
sekretær

Sakliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Untatt off.
	Saker til behandling	
PS 1/10	Kommunedelplan Røra/Hylla 2010-2020 2.gangs behandling og ferdiggodkjenning	
PS 2/10	Selskapsavtale med Osen kommune som ny deltakerkommune i Inn-Trøndelag Brannvesen IKS	
PS 3/10	KS strategikonferanse 2010 - debatthefte	
PS 4/10	Temasak: Mosvik-utredningen – muntlig orientering Samfunnsutviklingsprosjektet – muntlig orientering Kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan. Skriftlig notat.	
PS 5/10	Rådmannen orienterer. Referatsaker og delegerte saker	
RS 1/10	Forvaltningsreformen - oversikt over nye oppgaver for fylkeskommunen fra 01.01.2010	
RS 2/10	KS mener om velferdskommisjon	
RS 3/10	Høyhastighetsbanen Trondheim - Steinkjer	
PS 6/10	Ordføreren orienterer	

Saker til behandling

Saker til behandling

Inderøy kommune

Arkivsak. Nr.:
2008/1154-45
Saksbehandler:
Kristin Volden

Saksframlegg

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Hovedutvalg Natur	2/10	25.01.2010
Formannskapet	1/10	27.01.2010
Inderøy kommunestyre		

Kommunedelplan Røra/Hylla 2010-2020

2.gangs behandling og ferdiggodkjenning

Rådmannens forslag til vedtak

Kommunedelplan Røra/Hylla 2010-2020 blir godkjent etter Plan og bygningslova §20-5. Det er mellom anna lagt ut byggeområde for bustadbygging, næringsområde og viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

Følgjande innsigelser er tekne til følgje:

1. Næringsareal på gnr. 179/2 ved kryss Hylla/E6.
2. Planbestemmelse ved bruksendring innanfor LNF-formålet.
3. Vegalternativ 1 og 2 ved krysset E6/ Hylla.

Når kommunedelplan for Røra/Hylla er godkjent, blir følgjande reguleringsplanar oppheva, jfr. Punkt 6.2 i teksthefte:

- Reguleringsplan for Hellemshaugan I vedtatt den 12.09.72 og Hellemshaugan II vedtatt den 7.12.85 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for Austadlia vedteken 8.10.73 med seinare endringar
- Reguleringsplan for Svedjan, vedteken 20.08.80.
- Reguleringsplan for Svian , vedteken 22.12.81.
- Reguleringsplan for Hylla, vedteken den 15.08.86 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for Røra sentrum, vedtatt den 15.09.84 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for E6-Røra,vedtatt den 7.05.01 med seinare endringar.

- Reguleringsplan for Hyllbukta, gang og sykkelveg vedtatt den 19.03.01.

Vedlegg

1 Kommunedelplan Røra - Samandrag over innkomne merknader ved 1. gangs høyring.
2 Referat frå folkemøtet om kommunedelplan Røra på Røra samfunnshus den 29.09.09
3 Landbruksavdelinga si vurdering av kommunens skisse til 2. gangs behandling av kommunedelplan Røra / Hylla, Inderøy kommune
4 Kommunedelplan Røra/Hylla 2010-2020. Tekstdel

Det juridiske bindande kartet over kommunedelplan Røra/Hylla blir delt ut på gruppemøtene.

Under vedlegg er det lagt liste over alle innkomne høringsbrev ved 1. gangs høring. Disse er tidlegare sendt ut til hovedutval Natur. Dersom nokon ynskjer høringsbreva, kan de venda dykk til saksbehandlar.

Bakgrunn

Dagens kommunedelplan for Røra/Hylla vart vedteken i 1998. Revidering av kommunedelplanen vart starta opp i 2007 med utarbeiding av eit planprogram som var på offentleg høyring. I høyringsrunden kom det 12 innspel som vart behandla og vedteke saman med planprogrammet i komité Organisasjon den 25.04.07.
Med utgangspunkt i planprogrammet, blei det i utkast til plan først og fremst sett på areal for ny bustadbygging, utviding av næringsarealet og utnytting av gode kommunikasjonslinjer til resten av regionen.
Inderøy kommune har også hatt møte med sektoretatane, og god kontakt med aktuelle grunneigarar gjennom møter og tilskriving av brev før utkast til plan var klar.

Utkast til plan var ute på høring sommaren 2009 med uttalefrist 1. september. Det kom inn 29 merknader. I tillegg vart det arrangert folkemøte på Røra med godt oppmøte der dei ulike formåla vart diskutert. Med utgangspunkt i høringsbreva og forslag som er komen gjennom planprosessen, blir kommunedelplan Røra/Hylla lagt fram til 2.gangs behandling og ferdiggodkjenning.

Kommunedelplan Røra/Hylla er utarbeid etter plan og bygningslova som gjaldt før 1.juli 2009 og skal difor behandlast vidare etter dette lovverket. I ein del av høringsbreva er det gjeve uttale etter ny plan og bygningslov som gjer at ikkje alle gode formål og vilkår kan arbeidast inn i planen. Andre merknader er detaljar som ikkje direkte kan inn i ein oversiktsplan, men vil bli vurdert under detaljplanlegging av tiltak.

Vurdering

Planprosessen med kommunedelplanen har engasjert mange, og det er gledeleg at det er kome så mange høringsbrev. Det er eit problem at uttalene er lite einsarta, der ulike interesser kan vera vanskeleg å sameina i ulike formål og tiltak.

I arbeidet med kommunedelplan Røra/Hylla har det vore to viktige problemstillingar som skulle avklarast i planprosessen, men som det ikkje har lukkast med og som er heilt avgjerande for vidare utvikling av Røra sentrum. Dette gjeld:

1. Framtidig utbygging av E6 gjennom Røra sentrum er ikkje fastsett. Statens vegvesen viser til at Vegdirektoratet skal arbeida ut ei konseptvalgsutredning for strekninga Stjørdal-Steinkjer som er ei utredning om framtidige trasévalg for jernbane og stamveg. Men dei vurderer det som lite sannsynleg at E6 vil liggja utanom det nye krysset ved riksveg 755.
2. Det er heller ikkje kome til avklaring om eigedommen Hellem gard på Røra. Det må vera eit mål at dette blir avklart. Brukaren har i sitt høringsbrev gjeve uttrykk for eit større offentleg engasjement for framtidig bruk av Hellem.

Det er kome inn tre innsigelser til planutkastet. Det er fylkesmannen i Nord-Trøndelag som har fremja alle innsigelsene som gjeld næringsareal ved Hyllakrysset samt alternativ 1 og alternativ 2 om ny veg i strandsona og næringsformål i LNF-området. Dette vil bli omtalt seinare under kvart tema.

Innkomne merknadar vil bli vurdert under ulike formål i planen:

Byggeområde

Bustadbygging:

Det har vore vanskeleg i planprosessen å finna nye områder for bustadbygging som ikkje kjem i konflikt med dyrka areal. Med basis i en del av høringane, og etter folkemøtet på Røra, er det aktuelt å ta inn att byggeområdet i Aasen. Tomtene er rekna som solrike med utsikt sjølv om delar av området er bratt. Det kan bli aktuelt å revidera reguleringsplanen med tanke på større tomter enn opphavlege, og for å få ei god vegframføring til feltet. Det er rekna ca. 30 tomter i framtidig felt.

Når det gjeld arealet på Gjerdet, blir dette liggjande som planlagt. På grunn av at planforslaget ikkje har samla seg om eit sentrum, er det lagt inn i planbestemmelsen for området at det skal vera høve for forretning med tanke på å utvida daglegvaretilbodet på Røra. Arealet er lagt inn med maks 12 bustader.

Ved det nye området Hellemshaugen nedre er det framleis 4 bustadar som i planutkastet, og ved Hylla dei 2 husvære som alt er godkjent.

Når det gjeld gamle Røra kro, er merknadane svært ulike. Eigarane ynskjer 15 husvære som i utgangspunktet, medan andre ikkje vil ha bustadar her men heller ha det som næringsformål. Sidan vegalternativ 2 er ute av planen, vil grøntområde bestå mot sjøsida. Statens vegvesen seier det er akseptabelt med redusert bustadbygging dersom krava til støy og vegen blir sikra i detaljplanen for området.

I planen er det opna for 54 husvære av ulike slag i staden for 34 som låg i utkastet til 1. gangs høyring. Dette er med bakgrunn i at heile arealet i Aasen er kome inn i planen att.

Det har vore stort påtrykk frå pensjonistar på Røra for å få inn dyrka arealet nedom Hellemshaugan til bustadar. Fylkeskommunen meiner at dette høver til næringsformål.
I planen blir det lagt med utvidingsretning for bustadar slik som i utkastet. Bruken av arealet vil koma klarare fram når det er bestemt framtidig bruk av Hellem og traseen til E6.

Eit forslag har vore å forlenga Hellemshaugan mot sørvest. Det kan vera høve for å utvida med ca. 2 tomter utan å koma i konflikt med kulturminne og høgspentlinja. Dette er inntil vidare ikkje lagt inn i planen.

Næringsformål.
Dei fleste høringsbreva gjev uttrykk for at Inderøy har behov for utviding av næringsarealet på Røra. Arealet på Lensmyra er det einaste samanhengande næringsområde i kommunen samtidig som det ligg nært E6 og jernbanen.

Næringsarealet er stort sett likt som i planutkastet, men etter ynskje frå nærliggjande huseigarar er det tilbakeført ei stripe med LNF-formål med tanke på støy frå næringsareal. Statens vegvesen ynskjer også eit belte på 50 m med LNF-formål i påvente på utredning av E6/jernbane.

I høringsuttalene er det fleire som ynskjer gode tilhøve for Røra fabrikker, og at kommunen må leggja til rette for utviding og stabilitet for viktige arbeidsplassar.

Koa camping ynskjer å disponera alt areal vest for E6 til campingformål. Arealet langs Hyllabukta og vest for E6 er i dag fulldyrka areal eller areal som er registrert som nasjonal viktig strandeng i kommunen sitt kart for biologisk mangfald, og difor blir det ikkje lagt ut til campingformål. Når det gjeld restarealet sør for avkjøring til campingsplassen, vil dette koma i konflikt med kulturminne og private hytteeigedommar. Restarealet mellom E6 og noverande campinghytter er lagt ut til utviding campingplass og parkering slik som Koa ynskjer.

I utkast til plan var det lagt ut næringsområde nord for krysset E6-Hylla med tanke på utvikling av servicetilbod. Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til dette arealet saman med vegalternativ 1 og 2 i utkastet. Bakgrunnen for dette er at dei ynskjer at ei samla løysing for området blir vurdert parallelt med framtidig løysing av E6 i området.
Grunneigaren ynskjer heller ikkje å selja dette arealet til næringsformål.
Det har vore vanskeleg å få til ei avklaring kring Texacoområdet. Difor vil nye tiltak i dette området utløyse ein reguleringsplan(detaljplan). Det er lagt til rette i planbestemmelsane at det kan plasserast servicetilbod på delar av Gjerdet og Lensmyra, men at dette skal avklarast i detaljplan.

Inderøy kommune har motteke brev frå Logosol AS datert den 12.11.09. Dette er etter at høringsfristen gjekk ut 1.september. Logosol ynskjer eit areal på ca. 5 dekar for utviding av bedrifta og peikar på det dyrka arealet i Hyllbukta ved det kommunale reinseanlegget eller på arealet mellom Hellemshaugan og E6.

Begge areala har LNF-formål i noverande plan. Arealet i Hyllbukta er avgrensa med nærleiken til sjøen og område for viktig naturområde samt i kvikkleireområde, så dette arealet er lite aktuelt for utvikling av næring med større parkeringsområde. Området ved Hellemshaugan kan på sikt bli utbygd, men formålet vil bli avklart i ein sentrumsplan som vil omfatta Hellem. Logosol har meddelt kommunen at dei ynskjer å setja opp eit næringsbygg som er meir synleg og tilgjengeleg enn det dei har på Steinstad i dag, og dei ynskjer ei jamleg kontakt med Inderøy kommune for å sikre gode alternativ for utvikling av bedrifta si.

LNF-formålet.

I utkast til plan var det berre lagt ut eit område for spreidd bustadbygging, og ingen for spreidd hytte- eller næringsbygg. Arealet for spreidd bustadbygging er lagt til området frå Grindberg med retning sørover som har utsikt mot aust og søraust. Høringsbreva gav ulikt syn på kor aktuelt dette området er. Nokre ynskte bustadfelt her medan andre meiner at tomtene ligg for langt frå sentrum. På folkemøtet på Røra samfunnshus den 29.09.09 var det i gruppeoppgåvene nemnt at akseptabel avstand frå bustadtomter til sentrum burde liggja på maksimalt 1-2 km. Med sentrumsfunksjonar er her meint skule, butikk og jernbane.

Område for spreidd bustadbygging er aktuelt å leggja ved eksisterande veg/avkjørsel, vatn og der tomtene ikkje kjem i konflikt med dyrka mark, biologisk mangfald og kulturminne/kulturlandskap. I planutkastet var det lagt ut 5 tomter som også ligg i planen no. Sidan ein grunneigar ikkje ynskjer dette alternativet, er området trekt ut av denne eigedommen, og området for spreidd bustadbygging er trekt lenger sørover fordi grunneigar av gnr. 156/2 ynskjer denne opninga for eigedommen sin velkommen.

Inderøy kommune hadde ønske om å ta inn to endringar innanfor LNF-formålet i den endelege planen og tok kontakt med fylkesmannen sin landbruksavdeling om ei avgrensa høring. Høringa vart gjennomført på e-post og ligg vedlagt. Landbruksavdelinga sluttar seg til løysingane som er foreslått ved Texacokrysset og Gjerdet. Landbruksdirektøren vil ikkje motsetja seg at eksisterande bustadformål i Aasen blir teken inn i planforslaget att. Derimot ynskjer dei ny høring dersom 3 dekar LNF-formål mellom E6 og jernbanen blir omdisponert. Difor er dette framleis LNF i noverande planforslag, fordi dette arealet må avklarast i ei framtidig regulering likevel når utviding av E6/jernbanen er aktuelt.

Område for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag.

I utkast til plan var det lagt inn ny båtplass med inntil 5 båtplassar på Koa. Fylkesmannen v/miljøvernavdelinga legg til grunn at båthamna på Koa blir etablert som ei flytebrygge og ikkje som utfylling av steinmassar i sjø.
Det er ikkje høve til å ha planbestemmelse til dette formålet, men setninga om flyteanlegg er teken inn i teksthefte punkt 5.8.
I tillegg er det lagt inn ei retningslinje om at det bør stå att kantssone langs vassdrag etter uttalen frå NVE.

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

I planutkastet var det gjort forsøk på å finna ei framtidig løysing ved krysset Hylla-E6 med å leggja fram ulike alternativ, og det er kome mange tilbakemeldingar som tyder på at tida enno ikkje er moden for å endra sjølve krysset.
Fylkesmannen har innsigelse på både alternativ 1 og 2 med bakgrunn i biologisk mangfaldverdiar i strandsona og dyrka jord inst i Hyllbukta.
Det er semje om at eksisterande kryss må utbetrast med tanke på trafikksikring. Inderøy kommune har vore i dialog med Statens vegvesen for å få til ei betre sikt og inn/utkøyring i krysset inntil traseen for ny E6 er klarlagt.

Det har vore stort engasjement når det gjeld ny gang/sykkelveg frå Hylla til Ystadvegen. Grunneigarar i området ynskjer ikkje å gje grunn til dette formålet og vil ha alternativ gjennom Hylla og vest for Flagveien.
Sidan dette er fylkesveg, vil tiltaket bli utført av Statens vegvesen ut frå kommunale prioriteringar. Det blir arbeid ut ein detaljplan over tiltaket der grunneigarane blir involverte. Dette gjeld og den endelege plasseringa og utbetringar av aktuelle avkjørslar. Ny gang/sykkelveg må i alle tilfelle byggjast med tanke på at han blir nytta til formålet.

Når det gjeld gang/sykkelveg gjennom Koa camping, meiner grunneigaren at dette er i konflikt med campingplassen. Skal det vera lett å koma til friområdet ved Koa, er den enklaste måten å ha gang/sykkeltrafikk gjennom campingplassen. Statens vegvesen har meddelt kommunen at dei har eigedomsretten til den gamle vegen gjennom campingplassen og friområdet.
Sidan det ikkje er avklart framtidig E6 med tilhøyrande gang/sykkelveg for området, er det mest naturleg inntil vidare å leggja han i eksisterande vegtrase langs sjøsida.

Når det blir bygd trafikkanlegg og særskild ved bygging av gang og sykkelveg, er det viktig at det blir lagt til rette for funksjonshemma.

<u>Planbestemmelser og retningslinjer.</u>
I ein kommunedelplan er planbestemmelsane etter PBL §20-4, 2 ledd juridisk bindande og retningslinjene er utfylling av planbestemmingane, og til bruk ved dispensajsonssøknaden men dei er ikkje juridisk bindande.
Det er ein innsigelse mot planbestemming 2-1 om bruksendring på eksisterande bygg i LNF-området. Denne vil fylkesmannen ved miljøvernavdelinga ha konkretisert, slik at den ikkje kjem i konflikt med viktige nasjonale/regionale miljøomsyn. I planen er det ført til at bruksendringa ikkje gjeld enkeltståande bygg i 100-meters belte langs sjø. I tillegg er det i retningslinje 2-4 lagt inn at det er kriteria i Landbruk Pluss som skal liggja til grunn for bruksendring av driftsbygningar.

Av andre kommentarar til planbestemmingane, er dette arbeid inn i bestemmelsane så langt det er nødvendig, medan andre ikkje lenger er aktuelle fordi formålet er fjerna frå planen.

I nokre av høyringsbreva har det vore ønske om å leggja inn hensynssoner og planbestemmingar etter ny planlov. Sidan kommunedelplan for Røra/Hylla er behandla etter den gamle planlova, kan dette ikkje arbeidast inn i den ferdige planen.
Det er derimot høve til å leggja inn retningslinjer i LNF-området, slik det er gjort med nokre få naturområde i planen.
I ein plan kan det også vera vanskeleg å ta omsyn til at alle gode formål skal inn i plankartet med frykt for at kartet blir uoversiktleg og vanskeleg å lesa.

Konklusjon

Kommunedelplan for Røra/Hylla er ein oversiktsplan der langsiktige mål skal formast, og sjølve planprosessen ofte vil vera like viktig som detaljer som kan utformast i ein seinare detaljplan for dei forskjellige formåla.

Planprosessen med kommunedelplan Røra/Hylla har vore ein krevjande planprosess fordi innbyggarane har ulike interesser, og innspela har vore vanskeleg å sameina med interessene til sektoretatane.
Planen er avhengig av to viktige avklaringar som gjeld framtidig E6 og bruk av Hellem gard før kommunen kjem i mål med framtidig utvikling av Røra sentrum.
Det er likevel gjort viktige avklaringar når det gjeld framtidige bustadområde og næringsområde for nye etableringar samt utbetring og tilrettelegging av jernbaneområdet.

Inderøy kommune

Notat

Til: Komite Natur og Formannskapet

Fra: Kristin Volden

Sak nr:
2008/1154-40

Dato:
09.09.2009

Kommunedelplan Røra- Samandrag over innkomne merknader ved 1. gangs høyring.

Dato:	Namn:	Merknader:
1) 4.07.09	Sametinget	Ynskjer alle detaljplanar til høring
2) 7.07.09	NVE	Ingen merknadar, ynskjer tidleg kontakt ved framføring av ny straumforsyning.
3) 4.08.09	Johnny Austad	Ynskjer ikkje vegtrase alternativ 2 på sin eigedom
4) 5.08.09	Ronny Johannessen	Ynskjer omlegging av ny gardsveg i Austadlia ved bygging av ny gang/sykkelveg langs Flagvegen.
5) 13.08.09	Øyvind Austad	Ynskjer ikkje gang/sykkelveg på austsida av Flagvegen på grunn av hage/driftsbygning nær vegen.
6) 14.08.09	Røra pensjonistlag	• Ynskjer ikkje bustader ved Røra vegkro, men bør framleis vera kafé. • Spreidt bustadbygging på Klettahaugen er ingen sentrumsnære bustadar. • Ynskjer bustadar mellom E6 og Hellemshaugan samt Østenget til bustadar. • Røra fabrikkar må få meir areal.
7) 23.06.09	NVE	• Dokumentasjon på tryggleik mot skred og flom i detaljplanar. • Inn planbestemming som går på flom og skredfare.

		• Kantsone på 20m til bekker fri for bygg. • Planen bør ha ei vurdering av energibruk • Tilrår hensynsoner i området utsett for skred og flomfare.
8) 25.08.09	Agnes I Gaup Zetlitz	Ynskjer vernesone mellom industriområdet og bustadar på Lensmyra
9) 20.08.09	Inderøy venstre	• Røra bør utviklast som trafikknutepunkt kring jernbane og kai. • Ynskjer streng vern av dyrka mark • Ynskjer bustadområde i Klettahugen i staden for spreidd bustadbygging. • Hylla best egna til service og ynskjer ikkje bustadbygging på Kroa • Støtter utviding av Lensmyra.
10) 24.08.09	Inge Storstad/Per Kristian Storstad	Ynskjer dagens kryss ved E6/Hylla med justering/styring av trafikken.
11) 30.08.09	Koa gård og camping	• Ynskjer meir areal til campingformål • Trase for gang/sykkelveg vil koma i konflikt med campingplassen.
12) 20.08.09	Eldres råd	Ingen merknader
13) 31.08.09	Bernt Holtan	• Ynskjer ikkje Hellem omdisponert til industri, men heller serviceformål. • Alternativ til dyrka mark for bustadbygging • Ynskjer større offentleg ansvar for området rundt Hellem.
14) 31.08.09	Asbjørn og Marit Elise Koa	• Ynskjer noværende kryss ved Hylla med utbetringar • Skepsis til bruk av dyrka mark ved Hylla og generelt til gravearbeid i området. • Forventa at det blir teken omsyn til bulyst og livskvalitet.
15) 13.08.09	Røra Bondelag	• Er imot at landbruksareal(dyrka mark?) blir lagt til bustadformål. • Ber Inderøy kommune engasjere seg for Bernt Holtan med tanke på erstatning for Hellem. • Saknar forslag på framtidig trase for E6 gjennom Røra.
16) 01.09.09	Røra Kro v/ Lyngstad arkitekterA/S	Ynskjer at kommunen justerer talet på husvære til dei opphavleg 15 ved Røra Kro
17) 01.09.09	Jorid Aslaug Opheim	• Ynskje om meir kontakt med kommunen før planutkastet • Ynskjer ikkje å leggja området på

		Kletten gnr. 156/1 til spreidd busetting. • Ved spreitt bustadområde, er det ynskje om kommunal veg.
18) 30.08.09	Kristian Austad	• Ynskjer at Inderøy kommune kjøper Hellem og sel vidare areal som ikkje er aktuelle til andre formål • Ynskjer framleis bustadar på dyrka mark mellom E6 og Hellemshaugan.
19) 1.09.09	Indrøy næringsforening	• Positive til utviding av næringsareal på Lensmyra. • Ynskje om fleire bustadområde. • Ynskje om at framtidig E6 var med i planen og at farlege trafikktilhøve blir rydda opp i.
20) 1.09.09	Hans Reidar Hammer	Ynskjer utredning om alternativ for gang/sykkelveg langs Flagveien for å unngå bruk av dyrka mark og hageanlegg.
21) 2.09.09	Jernbaneverket	• Røra er knutepunkt for persontrafikk, ikkje gods. • Byggeområdepark må endrast til jernbaneformål for framtidig parkering/sideplattform for jernbanen. • Ynskjer areal med LNF-formål nord for overgangen til utviding av jernbane.
22) 31.08.09	Fylkesmannen i NT *Landbruksavdelinga* *Miljøvernavdeling:* *Administrasjonsavdelinga:*	• **Innsigelse** til nytt næringsareal nord for krysset ved E6/Hylla samt både alternativ for flytting av veg i krysset. • **Innsigelse** til bruksendring innanfor LNF-formålet, må konkretiserast • **Innsigelse** mot alternativ 2 ved krysset E6/Hylla. • Båtanlegg ved Koa må etablerast med flytebrygge og ikkje steinmassar i sjø. • Kommentar til oppheving av gamle reguleringsplanar og diverse bestemmingar.
23) 31.08.09	Nord-trøndelag Fylkeskommune	• Dyrka areal mellom E6 og Hellemshaugane bør ikkje bli bustadområde, men heller vurderast til sentrumsfunksjonar. • Ynskjer planbestemming for uteområde til bustadområde • Ynskjer sterkare tilrettelegging for funksjonshemma i trafikkanlegg. • Ynskjer registrerte kulturminne i plankartet.
24) 31.08.09	Statens Vegvesen	• Viser til ei konseptutvalutredning for

		strekning Stjørdal- Steinkjer som skal munne ut med framtidig jernbane/stamveg i området. • Ser for seg ei samla løysing på E6, gang og sykkelveg og kryss til Hylla. Både alternativ 1 og 2 må ut av planen fordi utbetring ikkje er aktuelt dei næraste 10-15 åra. • Utbetring av eksisterande kryss inntil ny kryss er avklart. • Bustadområda er akseptert men ynskjer meir utredning i detaljplan • Næringsområde-ynskjer eit 50m belte til LNF-formål mellom jernbanelinja og industriområdet i påvente av konseptutvalgsutredning.
25) 30.08.09	Asbjørg S. Aabakken	Ynskjer meir av arealet på Austli til spreidd bustadbygging.
26) 20.08.09	Rådet for funksjonshemma	• Ynskjer utredning av Klettahaugen til nytt bustadområde • Utviding av Hellemshaugen mot sørvest til bustadar • Utbetring av Hyllakrysset og vern om strandpromenaden • Betre tilrettelegging for funksjonshemma i stasjonsområdet. • Ynskjer lys på gangveg mellom Hylla og Røra skule.
27.	Hanna Lise Bakken	Ynskjer ikkje selja dyrka arealet til næringsformål ved kryss E6 /Hylla.
28.	Hylla velforening	Ynskjer gang/sykkelveg mellom Sneppen til avkjørsel steinbrotet

Inderøy kommune

Notat

Til:

Fra: Kristin Volden

Sak nr:
2008/1154-42

Dato:
09.10.2009

Referat frå folkemøtet om kommunedelplan Røra på Røra samfunnshus den 29.09.09

1. Framtidige sentrumsområde på Røra.
   Folkemøtet hadde ulikt syn som det tidlegare er blitt uttrykt. Forslaget kom både på Texacoområdet , det dyrka arealet (trekanten) mellom næringsområdet og jernbanen.
   I tillegg kom det forslag på å ta ein del av utlagt næringsområde til sentrumsfunksjonar.

   Som aktuelle sentrumsfunksjonar kunne vera butikkar, kafé med vidare.

2. Bustadområde:
   Frå innlevert material frå gruppearbeidet såg det ut som akseptabel avstand til sentrumsfunksjonar bør liggja på 1-2km frå jernbane/butikk /skule.
   Mange ynskte at heile bustadområdet i Aasen må attende til byggeområde og kommunen må leggja til rette opparbeidde tomter som er byggeklare ved sal.
   Det var forslag på tomteutviding både nordover og sørover frå Hellemshaugan samt bustadområde frå Grindberg og sørover.
   Mange ynskte og bustader på dyrka mark, dette var både på trekanten og på Østenget bak skulen særleg med tanke på eldre.
   Dyrka areal på Hylla mot kalkverket var og nemnt som eit fint bustadområde.

   Kva bustadform som er mest aktuelt, er det særleg mindre hus for eldre og einebustadar for familie.

3. Andre tema som var med i diskusjonen:
   - Samlingsplass for ungdom. Kan den gamle stasjonsbygningen nyttast til dette?
   - Opparbeiding av kunstgrasbane på eksisterande grusbane, utviding av idrettsanlegg som til dømes treningssenter

- Utarbeiding av ein rasjonell stoppeplass med servicebygg for av/påstiging både til tog og buss.
- Få betre orden på parkering ved jernbanestasjonen.

Fra: postmottak@fmnt.no [mailto:postmottak@fmnt.no]
Sendt: 14. desember 2009 16:27
Til: Postmottak
Emne: Landbruksavdelingens vurdering av kommunens skisse til 2. gangs behandling av kommunedelplan R• ra / Hylla, Inder• y kommune

Vi viser til Deres mail av 2. desember fra Kristin Volden.

Landbruksavdelingen slutter seg til den l• sning som foresl• s i nevnte mail vedr. kryss og n• ringsareal ved E6 p• Hylla. Tilsvarende ogs• vedr. sentrumsform• l/forretning i tilknytning til stasjonsomr• det og Gjerdet. Landbruksdirekt• ren vil heller ikke motsette seg at areal som ligger inne til boligform• l i eksisterende plan fortsatt blir liggende i ny kommunedelplan.

Dersom LNF-areal beliggende mellom jernbanen og E6 • nskes omdisponert, er dette en s• stor endring at det vil kreve ny h• ring (endring av arealbruksform• l). Dette er etter landbruksdirekt• rens vurdering en sak og en situasjon som uansett form• l i kommunedelplanen vil m• tte finne sin l• sning ved en framtidig reguleringsplan for E6/jernbanen i dette omr• det.

mvh
Anne Berit Lein (e.f)
FMLA

INDERØY KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN RØRA/HYLLA 2010-2020

TEKSTDEL

1

1. INNHALDSLISTE

Innhold

1. INNHALDSLISTE 2
2. Innleiing/status 3
2.1. Arealbruken i gjeldande kommunedelplan 1997-2010. 3
2.2 Gjeldande reguleringsplanar innanfor eksisterande kommunedelplan Røra. 4
3. Målsetjingar. 4
3.1. Nasjonale retningslinjer. 4
3.2. Regionale retningslinjer. 5
3.3.Kommunale retningslinjer. 5
3.4. Kommunale planer /dokumenter 5
4. Planprosess. 5
4.1. Organisering. 6
4.2. Medverknad og innspel. 6
5. Tema / problemstillingar og nye formål i planen. 6
5.1. Bustadbygging. 6
5.2. Offentleg verksemd. 7
5.3 Næringsområde. 8
5.4. Fritidsformål. 8
5.5 Landbruksområde/kulturlandskap. (LNF-områda.) 8
5.6. Område for råstoffutvinning. 9
5.7. Bandlagte områder. 9
5.8. Områder for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag. 9
5.9 Viktige ledd i trafikkarealet. 9
5.10. Beredskap 10
6. Kartbladet 10
6.1 Reguleringsplanar som gjeld innanfor revidert kommunedelplan for Røra: 10
6.2 Når kommunedelplan Røra er godkjent, blir følgjande reguleringsplanar oppheva: 10
6.3. Nye formål i kommunedelplan Røra 2009-2020. 11
6.3.1. Byggeområde etter PBL § 20-4 nr. 1.Bustadbygging 11
6.3.2. Byggeområde etter PBL§20-4nr.1 Næringsformål. 11
6.3.3. Landbruk, natur og friluftsområde etter § 20-4, nr 2 . (LNF-område) 11
6.3.4. Område for særskild bruk av sjøområda etter PBL §20-4 nr. 5. 11
6.3.5. Viktige ledd innan kommunikasjon etter PBL §20-4 nr. 6. 12
7. Planbestemmingar: 12
8. Retningslinjer, utfylling av planbestemmingane. 13
9. Saksbehandlingsreglar 14
10. Konsekvensar av kommuneplanen etter PBL. §20-6. 15

2. Innleiing/status

Dagens kommunedelplan for Røra vart godkjent av kommunestyret den 7.10.98, sak 98/0049. Kommunedelplanen gjeld for tidsrommet 1997- 2010 og er avgrensa til området kring Røra sentrum og Hylla. Bakgrunnen for planen var spørsmål om nye bustadområde, og ei betre løysing på trafikksituasjonen nær sentrum.
Avgrensing i planen var Hammer i vest, Bergsgrenda i nord, Salbergdammen-Koahalla i aust og sjøarealet i Hyllbukta mot sør.

Det er lagt opp til omtrent same plangrensa i den nye kommunedelplanen sidan det fangar inn både Røra sentrum og Hylla. Arealet på Røra utanom kommunedelplanen er stort sett LNF-området som er med i kommunen sin arealplan. I den nye planen er plangrensa justert både mot aust slik at pistolbanen ved Floåsvegen, og mot vest slik at skytebanen er innanfor planområdet.

2.1. Arealbruken i gjeldande kommunedelplan 1997-2010.

Bustadbygging:
I kommunedelplanen var det lagt ut nytt bustadfelt på Gjerdet (gnr. 183/4). Arealet er på ca. 19 dekar, og tanken var å byggja 14 nye bustadar. Dette er ikkje gjort, men ca. 2,5 dekar er nytta til ny barnehage på Røra.
Det kommunale feltet i Aasen er framleis ikkje teke i bruk der 33 tomter er regulert inn. Dette er svært bratt og vore rekna som lite attraktivt.
Etter at planen er godkjent, er det regulert inn privat felt i Austadlia. I planen var det lagt ut 12 bustadtomter, og i dag er det ingen ledige att i dette feltet.
I tillegg er det oppført nytt bygg på Hylla med ca.4 husvære med planar om utviding av ca. 2 husvære til.

Fritidshus/hytter.
Det er ikkje lagt ut fritidshus i felt eller spreidd innanfor kommunedelplan Røra.
I eksisterande plan er det lagt ut areal for småbåthamn ved naustområde i Hittervika /Koa. Planen set krav om reguleringsplan før tiltaket er sett i gang. I dette området er det ikkje blitt bygd småbåthamn.
Etter at eksisterande kommunedelplan var vedteken, er det arbeidd med ny båthamn ved Hylla. Det er sett i gang arbeid med ny reguleringsplan som må vera godkjent før tiltak blir sett i verk.

Næringsareal.
Ein del av det regulerte industriarealet på Lensmyra er oppkjøpt av private med tanke på næring. Det er framleis ein del av dette arealet som ikkje er nytta fullt ut.

I eksisterande plan er det vist ny utbygging mot nordaust mot jernbanen med utbyggingsretning nordover. Av dette arealet er ca. 17 dekar kjøpt av private for oppbevaringsplass. Attståande areal med formål næring er ca. 44 dekar.
Eksisterande kommunedelplan krev bebyggelseplan før området blir teken i bruk.
Det er ikkje arbeidd ut bebyggelseplan for området.

Landbruk, Natur og friluftsområde (LNF- område)
Når det gjeld LNF-områda, er det i utgangspunktet berre tillete med stadbunden næring (landbruk, fiske).
Det er heller ikkje avsett areal til spreidd bustadbygging, næring eller fritidshus innanfor eksisterande kommunedelplan Røra.

Kommunikasjon.
Etter at kommuneplanen var ferdig kom det på plass planfritt kryss på E6 i 2005, noko som har avklart delar av areala rundt jernbanestasjonen og Røra fabrikker. Planlagt gang/sykkelvegar i kommunedelplanen er delvis gjennomførte, men det manglar ein del ved Grindberg, på delar av vegen på Hylla/Flagveien og langs E6 mot Verdal kommune.

Råstoffutvinning.
Uttak av råstoff ved Hylla kalkverk er avslutta for fleire år sidan, men Bergvesenet ynskjer at området har formål råstoffutvinning utan at det blir knyta planbestemmingar til dette området.
Statens Forurensingstilsyn har i dag gjeve løyve til deponi i det gamle kalkbrottet på Hylla med inntil 20.000 tonn filterstøv og 100 tonn gips årleg. Det er stilt krav om overvåkingsprogram på sigevatn frå deponiet.

2.2 Gjeldande reguleringsplanar innanfor eksisterande kommunedelplan Røra.
Innanfor planområdet til kommunedelplan Røra gjeld følgjande reguleringsplanar: Austadlia, Hellemshaugan I,II,III med seinare endringar, Hittervika/Hernes, Hylla med seinare endringar, Røra industriområde (Lensmyra), Røra sentrum, Svedjan og Aasen.

3. Målsetjingar.
3.1. Nasjonale retningslinjer.
Dei nasjonale retningslinjene for utarbeiding av arealplanar er lagt i Plan og Bygningslova §20, og kva formål planen kan ha er lista opp i PBL §20-4.
I tillegg er det gjeve rikspolitiske retningslinjer for barn og unge og for trafikktryggleik. Det er også arbeid ut råd og hjelp til lovverket, mellom anna til PBL §17-2 forbod mot frådeling og bygging i 100m belte langs sjø og vassdrag.

3.2. Regionale retningslinjer.

Trondheim kommune og Nord- og Sør Trøndelag har felles fylkesplan for 2009-2012. I planen er det fokusert på klima og matvareproduksjonen i regionen. For ein reduksjon på klimagassar er det mellom anna sett opp følgjande framtidsmål:

- Føre meir godstrafikk frå veg til jernbane og sjø noko som vedkjem Røra som eit viktig knutepunkt på jernbanen og i tillegg har ei utbygd hamn på Hylla.
- Det er sett på utviding av jernbanen mellom Trondheim og Steinkjer der det er fokusert på elektrifisert bane og redusert reisetid på strekninga. Miljøvenlege transportformer vil medføra ei auka vekt på utvikling og utbygging nær sentrum.

3.3.Kommunale retningslinjer.

I visjonen til Inderøy kommune skal kommunen vera ein attraktiv kultur, bu og utviklingskommune. Under kapittel 5: Strategiar skal det leggast til rette for eit betre og variert kollektivtilbod og arbeida for at Røra stasjon framleis skal vera ein attraktivt stoppestad.

Under arealpolitikken skal ta utgangspunkt i :

- Kulturlandskapet skal vernast og utviklast på lang sikt.
- Strandsona skal prioriterast for folk flest.
- Klart skilje mellom bygde område og ubygde område.
- Medverka til å få ei bærekraftig landbruksnæring
- Areal med formål utbygging skal ha ei høg utnyttingsgrad..
- Opptre smidig til næringsutvikling og tilleggsnæringar i landbruket.
- Grøne lunger i tettstadane
- Byggeområda skal leggjast til rette for funksjonshemma
- Gang/ sykkelvegar må byggjast ut i eksisterande og nye byggeområde.

3.4. Kommunale planer /dokumenter

Inderøy kommune har ein del temaplanar og kommunedelplanar med tematisk innhald som har vore med i vurdering av nye arealformål i planen.

- Handlingsplan for trafikksikring for 2006-2010.
- Miljøplanen for Inderøy kommune 2003-2010
- Friluftskart over Inderøy
- Kommunedelplan biologisk mangfald, revidert 2004
- Temaplan for kommunale vassverk, vedteke 01.02.2008.

4. Planprosess.

Frå 1.april 2005 er det kome eit tillegg i PBL §33 om konsekvensutredningar, at i kommuneplanen skal det utarbeidast eit planprogram som skal sendast til formell høyring. Det er arbeidd ut planprogram som har vore på høyring, og det kom inn 12 innspel /merknader til planarbeidet. Mange av innspela går på bruk av areal til næring /bustader i sentrum. Dette vedkjem først og fremst arealet til garden Hellem. Arbeidet med planen og sjølve planprosessen kjem fram av saksframlegget og vedtak som er vedlagt planen.

4.1. Organisering.

Planutvalet fungerer som styringsgruppa for planprosessen. På denne måten blir medlemmane betre kjend med problemstillingane, og planprosessane fram til ferdig plan.
Når det gjeld den formelle behandlinga av oversiktsplanar i Inderøy, er det formannskapet som har ansvaret. I kommunedelplan Røra har planutvalet fungert som styringsgruppe og har tilrådd planane, medan formannskapet har gjort vedtak. Det endelege planforslaget skal vedtakast av kommunestyret.

4.2. Medverknad og innspel.

I samband med revidering av kommuneplanen, var det invitert til folkemøte .
Sjølv om det var lite frammøte, var det interesse både for nye byggeområde, småbåthamna og næringsutvikling.
Planprogrammet for kommunedelplan Røra er sendt på høring til sektoretatar, grunneigarar og aktuelle organisasjonar. Når det gjeld innspel til planen, har dette vore forslag til nye bustadområde, næringsareal og betring av trafikksituasjonen ved krysset til Hylla.

Inderøy kommune har hatt møte med sektoretatane på fylket og staten, der det er kome verdifulle innspel både på bruk av areala og bestemmingar i planen.

Inderøy kommune har også gjennom brev, møter og befaringer hatt kontakt med grunneigarar når det gjeld forslag på nye formål i planen.
Det har vore ein god dialog med grunneigaren av Hellem som gjennom sin advokat har gjeve uttrykk for sine synspunkt for vidare bruk av areala på Hellem.
Planen har vore ute på høyring sommaren 2009 med uttalefrist 1.september.

I tillegg vart det arrangert folkemøte på Røra september 2009 med god oppslutning og aktiv deltaking av frammøtte. Møtet fokuserte mest på byggeområde for bustadbygging og næringsformål samt diskusjon på framtidig sentrum på Røra.

5. Tema / problemstillingar og nye formål i planen.

Folketalet i Røra krins har over mange år vore stabil. Folketalet ligg på ca. 1200 personar. Røra er området i Inderøy kommune som er minst stabil med ein del ut/innflytting men elevane på Røra skule har lege på +/- 130 elever over mange år.

5.1. Bustadbygging.

I dag er det få ledige tomter att i regulerte bustadfelt på Røra. Dette gjeld område utanom Aasen. Det nye området i Utgardlia/Austadfeltet er bygd ut. I Hellemshaugan er det meste bygd nær som nokre få bratte tomter. På Hylla er det gjeve løyve til 2 nye husvære i tillegg til firemannsbustaden som Kvernmo har bygd.

Når det gjeld innspel på nye bustadfelt, er det kome følgjande innspel:

På Fines er det ønske om å ta dyrka areal til ca. 6 hus. Arealet er vurdert opp mot jordvern og gang/sykkelveg. Sidan det har vore innskjerping på jordvern dei siste åra for å bruka dyrka jord til nedbygging, og det er etablering av eit nytt bustadområde, er ikkje dette feltet med i planen. Derimot er det i området lagt ut spreidd bustadbygging i området kring Grindberg og sørover.

Det er også kome innspel frå Inderøy Arbeidarparti om bustadbygging på dyrka arealet til Hellem nedom Hellemshaugan. I planen er dette avgrensa til ca. 6 dekar som lagt ut til 4 nye bustadar. Dyrka arealet nær E6 er ikkje med i den nye planen både ut frå jordvern, men også fordi delar av arealet ligg innanfor støysonene til E6. Her blir det sett krav om bebyggelseplan/detaljplan før tiltak settes i verk.

I den nye planen er det lagt opp til 54 nye bustader i byggefelt noko som skulle vera tilstrekkeleg innanfor planperioden. Arealet i Aasen er vurdert fleire gonger med først å trekkja delar ut av planen men etter høyringsbreva og folkemøtet, er heile feltet lagt inn i planen på nytt. Eksisterande reguleringsplan blir ståande inntil vidare, men det kan bli aktuelt med ei revidering før tiltak blir sett i gang.

Eksisterande byggeområde på Gjerdet blir framleis liggjande som byggeformål. Arealet er utvida med 5 dekar dyrkar jord, slik at heile flata på gnr. 183/4 er med. Dette er eit område som egnar seg som bustadformål med nær tilknyting til skule og idrettsanlegg. I tillegge er det opna for å byggja daglegvare nær vegen på denne tomta. Her vil kravet om bebyggelseplan/detaljplan framleis gjelde.

På Hylla er det gjeve byggeløyve til ein tomannsbustad som ikkje er bygd. Ein rekna med at dette blir gjennomført etter planen.
Når det gjeld byggeområdet på Hylla, er det sett på planbestemmingar som skal sikre eit betre vern på eksisterande bygg/tilbygg.

Inderøy kommune har også motteke innspel på 15 nye bustadar i staden for Kroa bygg ved E6. Området ligg inntil eksisterande bustadhus og kan vera godt egna til bustader med fjæra i framgrunnen. Når det gjeld talet på husvære, er 15 langt over det som området kan gje grunnlag for. I planen er det tilrådd eit bygg med 6 husvære ut frå tanken på veg og parkeringsareal samt uteområde for mellom anna leik. Planen legg til grunn at området kring Texaco må ha reguleringsplan før tiltak blir sett i verk. Planen må også regulera inn siktsoner og ut/innkøyringar etter avklaringar mellom Inderøy kommune og Statens Vegvesen.
Etter 1.gangs høyring ser det ut som dagens kryss ved Hylla bli liggjande inntil Statens vegvesen har klarlagt framtidig E6 gjennom Røra.

Planen har prøvd å få til attraktive butilhøve både for eldre og yngre og samtidig teke omsyn til det sterke jordvernet statlege organ pålegg kommunen.

5.2. Offentleg verksemd.

I samband med ombygging av planfritt kryss ved jernbanen og E6, er det gjort endringar på framtidig plassering av barnehagen på Røra som ligg på frådelt tomt på Gjerdet. Det er ikkje aktuelt med utviding av barnehagen på Røra innanfor planperioden.

I eksisterande kommunedelplan er det lagt inn utviding av skuleområdet på dyrka mark mot sørvest, eit området Inderøy kommune eig. Dette blir ståande som offentleg formål i den nye planen.

Når det gjeld utforming av område kring jernbanen, er dette behandla under viktige ledd i trafikkarealet.

5.3 Næringsområde.

Under planprosessen med kommunedelplan Røra har det vore fokusert mykje på næringsareal. I Inderøy kommune er det svært få utmarksareal av noko storleik for å få til eit samanhengande industrifelt. Einaste område kommunen har hatt er på Lensmyra. Dette området er viktig å utvikla med tanke på kunna tilby næringsareal både til større og mindre industribedrifter. Det har vore tidlegare sett på myra kring Lensmyra, og det har vore konkludert ulikt om grunntilhøva. Dette ligg ein del år attende i tid, og det kan vera på ny aktuelt å sjå om arealet kan vera attraktivt som framtidlig industrietableringar. I planen er heile skog/myrområdet lagt ut til industriformål/forretningar med høve til seinare å sjå på dyrka arealet som ligg mellom myrområdet. Det blir sett krav om bebyggelseplan/detaljplan før nyetableringar blir bygd/godkjent. Etter 1.gangs høyring er det lagt inn stripe med LNF-formål mot eksisterande hus med tanke på støy samt LNF-formål mot jernbanen for seinare utviding av E6.

Røra fabrikker har kome med innspel om utviding av fabrikkområdet. Det har i lengre tid vore kontakt mellom Hellem gard og Røra fabrikker. Grunneigaren har uttrykt gjennom sin advokat at han ynskjer ikkje meir sal før det blir eit samla tilbod på Hellem. I utkast til plan var tunet på Hellem lagt ut til næringsformål med tanke på at det i framtida skal koma til ein avtale mellom Røra fabrikker, Hellem og Inderøy kommune. Eigar av Hellem ynskte at tunet skal ha LNF-formål inntil det er avgjort kva resten av arealet på Hellem skal nyttast til.

I utkastet ved 1.gangs høyring var det lagt ut areal for utviding sentrum ved Hyllakrysset, men etter innsigelser og merknader er dette teken ut av planen, og det er mest truleg at framtidige sentrumsformål vil bli liggja kring jernbane/skuleområdet.

5.4. Fritidsformål.

Det er ikkje aktuelt å leggja til rette for nye hytter/naust innanfor planområdet verken i byggeområda eller i LNF-området.
Når det gjeld plassering av ny småbåthamn, er dette formålet under områder for særskild bruk og verv av sjø og vassdrag. Det blir arbeidd ut eigen regulerringsplan for småbåthamna på Hylla.

5.5 Landbruksområde/kulturlandskap. (LNF-områda.)

Innanfor LNF- områda er det i utgangspunktet ikkje lov med andre tiltak enn det som er knytt til stadbunden næring.
Planen kan opna for spreidd busetnad, næring og fritidsbygg innanfor avgrensa område etter plan og bygningslova §20-4, 2. Ledd bokstad c. Inderøy kommune har ingen områder for spreidd fritidsbygg i kommuneplanes arealdel, og dette er heller ikkje opna for i kommunedelplanen for Røra.

I planprosessen er det diskutert område for spreidd busetnad, og det er lagt inn eit område frå Grindberg og sørover med plassering av 5 nye bygg i tilknyting til eksisterande bustader og vegnett. I tillegg er det utanfor kommunedelplanen eit område kring Lorås som er lagt ut til spreidd busetnad.

Kommunedelplanen har eit landbruksområde som ber preg av vakkert kulturlandskap og verdifull dyrka jord. Skal ein halda fast på dette særpreget bør det ikkje opnast for bygging i nye landskapsområde. Det er eit nasjonalt mål å verna om dyrka jorda, og planbestemmingane tillet ikkje bygging på dyrka mark. Det har tidlegare vore praktisert eit sterkt vern på dyrka jord og kulturlandskap, som bør vidareførast innanfor kommunedelplanen.

Det er opna for å leggja til rette for næringsutvikling og tilleggsnæringar i eksisterande hus på gardsbruka gjennom planbestemmingane og retningslinjene. Her er unntak for bygg i 100-meters belte mot sjø.

Under LNF-formål er det lagt inn nokre nasjonal viktig område med biologisk mangfald. Dette er markert på plankartet som viktige naturområde. Områda er registrert med naturtypar som rik kalkskog eller viktige strandeng.

5.6. Område for råstoffutvinning.

Det er ikkje lagt nye område for råstoffutvinning i kommunedelplanen.

5.7. Bandlagte områder.

Innanfor kommunedelplanen er det ingen freda område utanom kulturminne etter kulturminnelova. Kyrkja og gravplassen er automatisk freda. I område for tiltak, vil det blir pålagt undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Kjente kulturminne er lagt inn i plankartet, i tillegg er det lagt inn planbestemmingar på bygningar i Hylla sentrum.

5.8. Områder for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag.

Inderøy kommune har ein eigen kommunedelplan for sjøområda. Når det gjeld sjødelen i kommuneplanen for Røra, er inste delen av Hyllbukta lagt ut som naturområde etter kartet for biologisk mangfald. Området er rikt på vade, måke og alkefuglar. Restområdet er lagt ut som natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. (NFFF)
I tillegg er det lagt inn skipslei til Hylla kalkverk og småbåthamn på Hylla.
Det er ikkje aktuelt med akvakultur innanfor dette området.
Den nye småbåthamna på Hylla blir liggjande utanfor området for biologisk mangfald i NFFF- området. Reguleringsplanen må vedtakast før utbygging av hamna blir sett i gang.
Koa camping ynskjer ei mindre brygge for sine gjester. Difor er det lagt inn ei brygge med 5 båtplassar. Brygga skal vera ei flytebrygge og ikkje utfylling av steinmasser i sjø.

5.9 Viktige ledd i trafikkarealet.

I planen for trafikksikkerhet er det lagt opp til prioriterte tiltak innanfor planområdet. I kommunedelplan Røra er det prioritert gatelys langs Bjørklivegen. /Hellemshaugan. Når det gjeld kommunale prioriteringar på gang/sykkelvegar i nasjonal transportplan

2010-2019, er det sett opp som nr. 6 gang –sykkelveg (1500m) frå Røra idrettsbane til Grandmarka langs R.v. 755. Som nr. 11 er det sett opp gang/sykkelveg langs Flagvegen. Det har også vore eit interkommunalt prosjekt med å få til gang/sykkelveg langs E6 heilt fram til Koabjørga. I tillegg er det lagt inn ny gang/sykkelveg i Bjørklivegen for å få samanhengande gang/sykkelveg frå Hellemshaugen til jernbanestasjonen. Alle disse tiltaka er lagt inn i kommunedelplanen.
Når det gjeld stasjonsområdet, vil jernbaneverket arbeida ut ein hovudplan for Røra stasjon som vil vise detaljkostnad med opprustning og flytting av av/påstiging lenger nord ved bussplassen. Dette arbeidet vil tidlegast starta opp i 2011/2012.
Framtidig busshaldeplass for Røra bør vera ved stasjonsområdet der det også må takast høgde for parkering både for jernbane og busstransport.

5.10. Beredskap.

Store delar av areala innanfor komunedelplan Røra er leirgrunn og delvis ustabil masse. NVE sine kart viser at området kring Texaco bensinstasjon og E6 er område som er klassifisert til kvikkleire med middels faresone. Det er viktig at grunntilhøva blir geoteknisk undersøkt, og fagkompetanse blir henta inn før tiltak blir sett i gang.
I planen blir det lagt inn retningslinjer når det gjeld støy og grunnforhold.
Inderøy kommune har godkjent ein hovudplan for vatn i 2008. I planen er det under prioriterte tiltak sett opp utskifting av 2095m på leidningsnettet frå Røra stasjon til Austadlia.

6. Kartbladet

6.1 Reguleringsplanar som gjeld innanfor revidert kommunedelplan for Røra:

- Reguleringsplan for Aasen vedtatt den 26.08.86.
- Reguleringsplanen for Hittervika vedtatt den 12.04.89.
- Reguleringsplan for Austadlia søndre vedtatt den 3.06.02 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for Lensmyra industri, vedteken 7.03.94.

6.2 Når kommunedelplan Røra er godkjent, blir følgjande reguleringsplanar oppheva:

- Reguleringsplan for Hellemshaugan I vedtatt den 12 09.72 og Hellemshaugan II vedtatt den 7.12.85 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for Austadlia vedteken 8.10.73 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for Svedjan, vedteken 20.08.80.
- Reguleringsplan for Svian, vedteken 22.12.81.
- Reguleringsplan for Hylla vedteken den 15.08.86 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for Røra sentrum vedtatt den 15.09.84 med seinare endringar.
- Reguleringsplan for E6-Røra, vedtatt den 7.05.01 med seinare endringar
- Reguleringsplan for Hyllbukta , gang og sykkelveg vedtatt den 19.03.01

6.3. Nye formål i kommunedelplan Røra 2009-2020.

Oppdeling etter Plan og Bygningslova etter §20-4, 1ledd.

6.3.1. Byggeområde etter PBL § 20-4 nr. 1.Bustadbygging

Lokalitet	Tomtetal	Merknad
Aasen	30	Reguleringsplan- bør revideres
Gjerdet	12	Plankrav : bebyggelseplan/opna for daglegvarehandel
Hellemshaugan nedre	4	Plankrav : bebyggelseplan
Hylla	2	regulert
Røra Kro	6	Plankrav :reguleringsplan
Sum bustadhus	54	

6.3.2. Byggeområde etter PBL§20-4nr.1 Næringsformål.

Lokalitet	Areal	Merknad
Lensmyra	170 dekar	Plankrav Bebyggelseplan
Hylla, einebustad	B-2	Bustadhus med privat barnehage.
Sum	Ca. 170 dekar	

6.3.3. Landbruk, natur og friluftsområde etter § 20-4, nr 2 . (LNF-område)

Lokalitet	Tomter	Merknad
Grindberg/Austli	5	Spreidd bustadbygging
